

## Helge Sandøy

### Nynorskfolket – kvar, kven og kor mange?

I den norske språkdebatten er prosentar og absolutte tal viktige argument, både for å understreke kven som er ”taparane”, og kven som har fått urettmessige rettar i forhold til oppslutninga i folket. Siste argumentasjonen rammar nynorsken, som har oppnådd formell jamstilling utan å ha 50 prosent i oppslutning. Sikrare tal kan hjelpe oss til å forstå den sosiale prosessen som språkstriden er, og derfor skal eg sjå på dei her. For språkrettane er slike mengdeopplysningar sjølvsagt ikkje så relevante.

Nynorsken har i dag minst 640 000 brukarar. Om ein ville sjå på nynorsk som eit eige språk, kom det faktisk opp på plass nr. sirk 400 på lista over dei om lag 6000 språka i verda ordna etter størrelse. Og i Norden kjem det framom islandsk, færøysk, grønlandsk og samisk. (Men i slike tabellar blir bokmål og nynorsk behandla som to variantar av same språket, og med vel 4,5 millionar talarar kjem norsken samla litt lenger opp på skalaen.)

Ei ny gransking tyder på at nynorskbrukarane er blitt fleire den siste tida. 14,2 prosent av nordmennene er nynorskbrukarar i ”privat samanheng”, viser ei gransking Opinion AS gjennomførte i april i 2002, og det skulle svare til 640 000. Første gongen ei påliteleg gransking av talet på nynorskbrukarar blei gjennomført, var i 1995, da Norsk Gallup på vegner av Norsk språkråd stilte m.a. dette spørsmålet til 4105 informantar: ”Når du skal skrive i private sammenhenger – benytter du da som regel nynorsk, som regel bokmål/riksmål eller begge deler omrent like mye?” Resultatet var da at 12,4 % av nordmennene var nynorskbrukarar; det talet låg altså 1,8 prosentpoeng lågare enn det frå 2002.

Det er velkjent at sjølve spørsmålsformuleringa betyr mye for resultatet av meiningsmålingar gjennomførte på telefonen. (Også språkforma hos intervjuaren kan verke inn, og i alle desse granskingane er det spurt på bokmål.) For å kunne jamføre og måle endringar stilte Norsk Gallup akkurat same spørsmålet att i 2000 – no på vegner av Riksmaalsforbundet. Resultatet denne gongen var 13,8 % nynorskbrukarar, og no i 2002 er resultatet altså 14,2 %. Dette siste resultatet kjem som eit sideprodukt av eit større nordisk språkhaldningsprosjekt om moderne språkpåverknad (”Moderne importord i språka i Norden”) som Nordisk språkråd har teke initiativ til.

Differansen på 12,6 % og 13,8 % kjem akkurat under det vanlege signifikanskravet på 0,05-nivå. Og auken frå 12,6 % til 14,2 % er heller ikkje signifikan, fordi utvalet i den siste granskingsa er mindre, nemleg på 1000 (som elles er det vanlegaste omfanget på meiningsmålingar). Det gjer altså at ein ikkje kan slå hardt i bordet med desse tala. Men resultata er likevel interessante ettersom tendensen er den same i dei: ein auke i talet på nynorskbrukarar. Auken kan ikkje kallast monaleg, men nynorsken går i alle fall ikkje tilbake

– slik mange i den offentlege debatten likar å framstille situasjonen. Det motsette er meir korrekt.

Med nynorskbrukarar er her meint dei som på det opplesne spørsmålet svarar 'som regel nynorsk' eller 'begge omtrent like mye'. Det er ikkje unaturleg å slå saman dei to svargrupsene, for siste gruppa brukar òg nynorsk. (Dei som brukar litt nynorsk, men ikkje nok til å rekne seg inn i desse to gruppene, kjem derimot ikkje med i dette talet. Dersom vi var interesserte i prosentdelen av nordmenn som har ein aktiv privat bruk av nynorsk, burde talet altså reknast noko høgare. Men det talet blir så usikkert at vi held oss i framhaldet til dei 14,2 prosentane.)

Dersom vi var på leit etter noko som skulle heite *nynorsktihengarar*, måtte vi ha stilt spørsmålet annleis. Blant dei 640 000 nynorskbrukarane skiftar nok engasjementet mye, frå å vere 'ihuga organiserte målfolk' til slike som meiner språkstrid er noko unødvendig tøys. Somme brukarar vil kanskje ikkje kalle seg tilhengarar, men på den andre sida ville truleg ein del bokmålsbrukarar kalle seg nynorsktihengarar. Slike nyansar bør ein vere oppmerksam på når ein skal forstå norsk språkkultur – som ikkje består av to heilt åtskilde språkgrupper. Dei tre granskingane vi omtalar her, måler altså ikkje stridshug og engasjement, men berre kva nordmenn vel å bruke privat.

Vi må ta med i vurderinga at sjølv ihuga målfolk brukar gjerne både bokmål og nynorsk. For somme er det ei prestisjesak å vise at dei meistrar begge målformene, for andre nynorskbrukarar er det slik at dei føler at dei må akseptere å bruke bokmål for å nå fram i samfunnet. Det har i store delar av samfunnet vore press på nynorskbrukarane for at dei skal skrive bokmål, f.eks. i dei store dagsavisene i Oslo, og det same gjeld i forlag. Det gjer at mange nynorskbrukarar innrettar seg med å vere tospråklege. Slik har det alltid vore – heilt frå Ivar Aasen og dei tidlege nynorskhovdingane. Dei var vane med å bruke norsk-dansk til kvardags.

Prosenten for 'som regel nynorsk'-brukarar var i 2002 på 8,8 % og på 'begge' 5,4 %. I 1995 var tilsvarande tal 7,4 % og 5,0 %, og det kan tyde på at talet på 'som regel nynorsk' stig litt. Det er kanskje dei "stae målfolka" som blir fleire. Men talet på organiserte nynorskfolk har ikkje gått opp siste generasjonen, og sjølv om det talet heller ikkje har gått så sterkt ned som det har gjort i andre frivillige organisasjonar, er det rimelegare å tolke resultatet slik at det no er blitt lettare å vere nynorskbrukar. Nynorsken har vunne fram på fleire domene i samfunnet etter siste verdskrigen, f.eks. har fleire aviser opna for redaksjonelt stoff på nynorsk i det siste. Alt dette gjer at denne målforma blir opplevd som meir akseptert.

### *Geografi*

Målformene våre er svært ujamt fordelt utover Noregs-kartet: Sogn og Fjordane toppar brukarstatistikken med 62,5 %. I Vestlands-fylka samla brukar 35,0 % nynorsk, og 14 % i Agderfylka gjer det. Deretter kjem fylka Telemark, Buskerud og Oppland, som samla har ein

prosent på 13,3. Vestfold og Østfold er einaste fylka utan nynorskbrukarar i denne granskinga, og hovudstaden har 6,1 %.

Frå granskingane i 1995 er det ikkje tilgjengelege opplysningar på fylkesnivå, derimot for store regionar. Dei kan det vere nyttig å samanlikne. Med slike oppsplitta tal bør ein unngå å legge vekt på småforskjellar. Hovudinntrykket er at dei tre granskingane stadfestar kvarandre når det gjeld geografisk mønster.

*Tabell 1: Nynorskbrukarar i regionar og i heile landet*

	1995	2000	2002
Oslo&Akershus	2,1 %	3,5	4,0 %
Resten av Austlandet	8,1 %	6,4	7,4 %
Sør- og Vestlandet	29,1 %	32,8	31,6 %
Trøndelag&Nord-Noreg	4,1 %	5,7	6,8 %
Samla heile landet	12,4 %	13,8	14,2 %

Dette mønsteret har truleg endra seg ein del etter andre verdskrigene. I 1944 nådde nynorsken høgdepunktet sitt når det gjeld skolemålsprosent, nemleg 34. Dette gjaldt undervisning i grunnskolen og samsvarande neppe med bruksprosenten elles i samfunnet. Mange av skolane hadde innført nynorsk i samband med optimismen etter 1938-reforma. Etter krigen ramla nynorsken ut att i mange av dei same skolane. Nynorsken var dermed berre eit kort intermesso mangstad, og han blei neppe etablert som bruksspråk i særleg grad slike stader. Derfor kan ein ikkje jamføre direkte prosenttala for skolemål og for bruk. Men utviklinga i skolemålet rundt om i landet understrekar same tendensen som vi ser i tabellen: Nynorsken er blitt eit regionalt sær preg for dei vestvendte Austlandsdalane, delar av Agder og for Vestlandet. Der har han faktisk gått fram somstad. Men nynorsken har mista grep i Nord-Noreg og i Trøndelag.

Nynorsken er altså blitt først og fremst eit sørnorsk fenomen, og vestlandsfylka dominerer. Der står han endatil fram som varemerke somstad, slik ein ser av at f.eks. turistnæringa er begynt å ta i bruk nynorsk. Reint "flaskevatn" blir no selt på nynorsk, og sjølvsagt Vestlandslefsa.

For målsaka er denne vestlandsdominansen eit stort dilemma: Styrken i ein del av landet gjer at nynorsken får si eiga tyngdekraft, for det blir lettare å bruke nynorsken etter som han blir meir sjølvsagd. Men eit vestlandsk regionsstempel kan brukast mot nynorsken i andre delar av landet! Her finst ingen enkel strategi for eit språk med store ambisjonar.

Nynorskrørsla har eit opplagt potensial, som ho kan prøve å utnytte. Det kan vi sjå i nokre statistikkar over elevar i vidaregåande skole. Tala for kva målform dei bruker som hovudmål, samsvarar bra med landsdelstala vi har sett på ovafor:

*Tabell 2: Fordeling av hovudmål i vidare gåande skole (i prosent)*

Hovudmål	Akershus og Oslo	Resten av Austlandet	Agder og Rogaland	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Noreg
Nynorsk	2	4	19	44	1	2
Bokmål	93	95	80	55	99	98
Anna språk enn norsk	5	1	2	1	1	1
Sum	100	100	101	100	101	101

Men da elevane i ei språkholdningsgransking (Skog o.a. 1997: 47f.) blei bedt om å karakterisere sin eigen dialekt, gav det dette resultatet i prosent:

*Tabell 3: Vurdering av eige talemål i vidaregåande skole (i prosent)*

Talemål	Akershus og Oslo	Resten av Austlandet	Agder og Rogaland	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Noreg
Liknar nynorsk	2	12	81	69	66	73
Liknar bokmål	96	87	18	30	33	26
Anna språk enn norsk	2	1	1	1	1	1
Sum	100	100	100	100	100	100
N=	721	1669	554	831	560	648

Svara her avspeglar neppe konklusjonar dregne etter lingvistiske samanlikningar og resonnement, men mest korleis elevane "opplever" skriftmåla og dialekten. Her ser vi altså at i landsdelar der bokmålet er svært dominerande, som i Trøndelag og Nord-Noreg, synest svært mange av elevane at dialekten deira liknar mest nynorsk, sjølv om dei altså skriv bokmål. Vi kan tolke desse tala slik at bokmålsbrukarane har eit sterkare ønske om å definere seg innafor "det vanlege", "det normale" i skriftsamfunnet; derfor held dei den lokale identiteten utafor når dei vel målform. Her har nynorskrørsla noko å hente.

### *Alder*

Når ein i den siste meiningsmålinga kombinerer svaret om målform med andre svar og bakgrunnsvariablar, er hovudtendensen at nynorskbrukaren stort sett representerer gjennomsnittsnordmannen. Ein kan ikkje peike på tydelege tendensar når det gjeld f.eks. inntekt, utdanning, kjønn osv.

Når det gjeld alder, er det færrast nynorsk-brukarar i gruppa av informantar på 60 år og over, nemleg 12 %. Av nordmenn under 30 år brukar 15 % nynorsk. I 1995 og 2000 låg eldste gruppa høgare, på 16,9 og 16,3 %. Desse tala sprikjer litt, men hovudinntrykket blir likevel at stabiliteten i folket er stor. Ein kunne ha venta at eldste informantane skåra mye høgare på nynorskbruk enn dei yngre, for dei eldste gjekk på skole da nynorsken hadde høgare skolemålsprosent. Jamfør at informantar som begynte på skolen i 1944 da nynorskprosenten var på topp i skolen, i dag er 68 år. Overgangen til bokmål ser ut til å ha vore størst i eldste gruppa. Slik overgang har stadig skapt stor hovudverk i nynorskrørsla. Han har vore brukt som argument mot nynorsk, og innafor nynorskleiren blir overgangen dessutan utnytta i rettskrivingspolitisk argumentasjon. Men vi ser at overgangen i dag faktisk er blitt mindre,

kanskje fordi det er blitt lettare å vere nynorskbrukar. I dag ligg skolemålsprosenten om lag på same nivå som bruksprosenten.

### Kven er nynorskbrukarane?

Nynorsk- og bokmålsbrukarane viser ulike mønster når det gjeld verdi- og språkspørsmål: Til eit allment verdispørsmål om "Hva mener du er det viktigste i samfunnet vårt av de to følgende idealene: Solidaritet eller individuell frihet?" seier 69,3 % av 'som regel nynorsk'-brukarane at dei set solidaritet fremst, 17,0 % set individuell fridom fremst. Hos bokmålsbrukarane er dei tilsvarende tala 61,4 og 24,1. Dette er ikkje overraskande, for andre granskingar har òg vist at nynorskbrukarar støttar dei "mjuke verdiane" (Hellevik 2001).

Ikkje overraskande er det heller at nynorskbrukarane er meir engasjerte i språkspørsmål enn bokmålsbrukarane. På spørsmål f.eks. om det blir brukt altfor mange engelske ord i norsk, svarar 73,9 % av nynorskbrukarane at dei er einige, blant bokmålsbrukarane er 60,4 % einige.

*Tabell 4: Bruk av målform kopla med språk- og samfunnsideal*

	Viktigaste samfunnsideal			For mange engelske ord i norsk		
	Solidaritet	Individuell fridom	Ikkje sikker	Einige	Verken einig eller ueinig	Ueinige
Som regel nyno.	69,3	17,0	13,6	73,9	14,8	10,3
Begge	63,0	20,4	16,7	66,7	9,3	22,2
Som regel bokmål	61,4	25,1	13,5	60,4	14,3	23,7

Dette same mønsteret går systematisk igjen i kva informantane meiner dei brukar av alternative engelske og norske ord. Nynorskbrukarane "foretrekker å bruke" tydeleg meir dei norske orda *e-post*, *formgiving* og *livvakt* for *e-mail*, *design* og *bodyguard*. (Det siste er forresten allment lite brukt i norsk.) Det er også gjennomgåande at dei som brukar begge målformene privat, ligg mellom dei "reine" nynorsk- og bokmålsbrukarane i holdninga og språkbruk.

*Tabell 5: Ordval hos nynorsk- og bokmålsbrukarar*

	e-post	e-mail	begge	formgiving	design	begge	livvakt
Som regel nynorsk	73,9	13,6	8,0	51,1	34,1	9,1	94,3
Begge	63,0	20,4	14,8	27,8	51,9	14,8	87,0
Som regel bokmål	46,7	35,9	12,4	28,0	62,0	6,4	86,9

Den typiske nynorsk-ideologien om det positive med språkleg variasjon kjem òg fram hos nynorskbrukarane. Her slår også dei som brukar begge målformene, godt følgje i å vere svært tolerante, mens bokmålsbrukarane er tydeleg meir negative. I siste granskinga kjem dét kjem fram når informantane skal svare på eit spørsmål om synet på at tilsette i radio og fjernsyn

ikkje alltid følgjer same normene for språkbruk. ”Hva synes du om at de bruker sitt vanlige dagligspråk i stedet for standardspråk (dvs. bokmål eller nynorsk) i sendingene?” Av dei som brukar nynorsk eller begge målformene, er vel 90 % direkte positive til dette og vel 4 % negative, mens 79 % av dei reine bokmålsbrukarane er positive og 10,5 % er negative. Nordmenn er altså jamt over liberale i spørsmålet om munnleg språkbruk, men det kjem klårast fram i nynorskleiren. Denne positive holdninga til variasjon går òg saman med ”omsorga” for det norske språket.

#### *Litteratur*

Hellevik, Ottar, 2001: ”Nynorskbrukaren – kven er han?” I: Bakke, Elisabeth o.a.: *Kampen for språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale om språket*. Oslo: Det norske samlaget. (S. 117-139.)

Skog, Berit & Haukenes, Anne & Jørgenvåg, Ronny, 1997: *Fellesspråklige lærebøker i samfunnslære. Rapport nr. 6: Elev- og lærerundersøkelsen. Hovedresultater*. Trondheim: Allforsk.